



Vigdis Kolås
Seimsleitet 129
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13794 - 20/57725

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
16.09.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 172/125 Hopland

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 172/125
Tiltakshavar: Vigdis Kolås og Jan Egil Nesse

Alver kommune har den 04.08.2020 motteke melding frå Norv24 AS om at det ved tømning den 14.07.2020 vart registrert høgt nivå i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Seimsleitet 129, 5912 Seim. Høgt nivå i tanken tyder på at den ikkje fungerer slik den skal, og fører til at massen i tanken kan sige utanfor lokket på tanken og forureine grunnen. I verste fall kan kloakk komme inn via avløpsrøret og inn i kjeller/sluk.

Same tilstanden vart rapportert ved tømning i mai 2018. Tilstanden er ikkje utbeta.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Tilstanden må utbeta. Frist for arbeidet vert sett til 20.11.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge dykk å utbeta forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbeta tilstanden, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbeta eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølve utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Jan Egil Nesse
Vigdís Kolås

Seimsleitet 129
Seimsleitet 129

5912 SEIM
5912 SEIM